


J. 6

OKTOBER 1989

22. ÅRG.

# 90-årsjubileum i Ytre Arna kyrkje



Søndag 5. november er det på dagen 90 år sidan Ytre Arna kyrkje vart vigsla. Denne dagen vert jubileet markert med jubileumsgudsteneste, lunsj og konsert. Arnold Nævdal har laga eit jubileumsskrift som fortel om forspelet til kyrkja, om motstanden frå einskilde i Indre Arna, om det som har skjedd etter at kyrkja vart bygt og dei mange aktivitetane som er knytt til kyrkjehuset. I dette nummer av Kyrkjelydsbladet finn du også ein spørrekonkurranse om Ytre Arna kyrkje og historia som er knytt til den.

Sjå side 7, 8 og 9


# LYSET I VERDA

Joh. 12. 44-50.

Men Jesus ropa ut: «Den som trur på meg, trur ikkje på meg, men på han som sende meg. Og den som ser meg, ser han som har sendt meg. Som ljós er eg komen til verda, så den som trur på meg, ikkje skal verta verande i mørket. Om nokon høyrer orda mine og ikkje tek vare på dei, så dømer ikkje eg han. For eg er ikkje komen for å døma verda men for å frelsa verda. Den som seier nei til meg og ikkje tek imot orda mine, han har ein domar over seg: Det ordet eg har tala, skal døma han på den siste dagen. For eg har ikkje tala ut frå meg sjølv, men Faderen som sende meg, han har gjeve meg påbod om kva eg skal seja og tala. Og eg veit at det han vil med bodet sitt, er evig liv. Det eg talar, det talar eg så som Faderen har sagt meg.»

Jesus var ikkje komen for å døma verda då han kom til jorda for snart 2000 år sidan. Han seier at han var kome for å frelsa. Domen er at dei ikkje tar imot. «Det ord eg har tala skal døma på den siste dag».

Jesus kom som eit lys til verda. Guds lys kom til ei mørk verd. Det skulle avsløra mørket sine gjerningar og visa veg til frelse. Kvart menneske må velja om dei vil ta imot lyset som kom, eller visa det frå seg. Er det så enkelt? Nei, det er ikkje enkelt for den stolte. For vi må verta som barn. Matt. 18.3: «Utan at det vender om og vert som born,



kjem det ikkje inn i himmelriket». Ingen kan frelsa seg sjølv. Vi er like hjelpeause alle saman. Den som trur og tar imot vert frelst og vert ikkje verande i mørket.


Mange kom til Jesus og fekk hjelp. Vi kunne ta fram ulike menneske frå synderinna som vart tatt i hor til tollaren Sakkeus. Jesus såg ikkje på det ytre hjå menneska. Rik eller fattig, alle som kom til Jesus fekk han hjelpa til eit nytt liv. Dei fekk oppleva å verta fri i lyset frå Gud.

*Han er den sola klare som skin i verda all.  
Han grøder hjartesåret og reiser opp frå fall.  
Og han kan sorga letta, det har eg kjent med meg.  
Å Jesus, eg vil retta min hjartans takk til deg!*

*No flyr eg til din nåde og gjev meg i di hand.  
Du over meg skal råde. Du ved ditt blod meg vann.  
Og kan eg enn deg såre i tankar, ord og gjerd,  
så turk min angers tåre og sei du har meg kjær!*

Frå Norsk Salmebok nr. 361, v. 2 og 3.

## 50 årskonfirmanter



50 årskonfirmanter i Arna kyrkja saman med konfirmandlæraren sin, den seinare biskop Olav Hagesæther.

Bak frå venstre.

Kåre Åland, Norvald Nesse (Olsen), Nils Minde, Arne Dahl.

Rekke 2 frå venstre.

Olaf Sæle, Ingolf Løteit, Jens K. Hauge, Åre Hope, Malvin Tunes.

Fremste rekke fra venstre.

Bjørg Thornquist, Aslaug Garnes Johnsen, Marit Sivertsen Hammersland, Jenny Brekke, Åse Otterlei, Biskop Olav Hagesæther.



1. rekke frå v.: Ingeborg Malm (f. Reigstad), Anny Kalsås (f. Nordvik), Haldis Lien (f. Nævdal), Bjørg Tangen (f. Bernestangen), Aud Karin Lien.

2. rekke frå v.: Res.kap. Sundsbø, Berta Bengtson (f. Rolland), Else Hansen (f. Kjeseth), Solveig Synnevåg (f. Valdersnes) Margot Askeland og Dagfinn Indreærne.

Bak frå v.: Lyder Hansen, Johan Strøm, Adolf Haugland, Per Birkeland og Sigmund Hetlebakke.

# Harald Sundsbø kokk og sjømannsprest i Liverpool



Res. kap. Harald Sundsbø i Ytre Arna har i sommar vikarert som kokk og sjømannsprest ved Sjømannskyrkja i Liverpool. Harald skulle vikariera for sjømannspresten, Egil Stray-Nordberg, mens han var på generalforsamling og ferie i Norge i tre veker i august.

Men det vart meir enn berre prestetenesta. Kona til den faste sjømannspresten fungerar til vanleg som husmor ved Sjømannskyrkja i Liverpool, men hun hadde ferie sammen med mannen sin. Så Harald måtte ta den jobben også, sjølv om han på dette felte hadde god hjelp av eldste datteren sin, Marianne på 14 år, som var med til Liverpool.

Norske krigsseilarar utgjør ein stor og viktig del av kolonien som sokner til den norske sjømannskyrkja i Liverpool. Like før annen verdenskrig var Liverpool ein av dei største havnene i Europa. Etter krigen var det mange norske krigsseilararar som slo seg ned i denne byen. Dei har sine faste samlingar på sjømannskyrkja. Og da måtte Harald prest finna fram kokkehua og forkle, og etter at maten var laga til og kaker baka måtte han hjelpe til med serveringa. Men det gjer ein sjømannsprest så gjerne. Det hører med til jobben.

På desse samlingane til Krigsseilarforeninga der det vart servert middag eller lunsj, kunne der vera 45 deltakarar. Så Harald og

Marianne fekk mykje å stå i med. Men Harald har vore vikarierande sjømannsprest før. I studietida hadde han tilsvarende jobb i London og Antwerpen.

For en sjømannsprest er jobben sammsett av så mange gjøremål. Han held gudssteneste på sjømannskyrkja og går på vitjing til dei norske sjøfolk som er ombord i båtane som kommer innom havna i Liverpool. Det er svært få norske sjøfolk for tida samalikna med tidlegare tider. Og dei norske sjøfolk som er ute utgjer som oftaast ei svært lita gruppe ombord på båten. Nettopp derfor synest dei og det er ekstra godt å få vitjing av sjømannspresten.

Harald Sundsbø seier at det absolutt er noko å læra for ein kyrkjelydsprest ved å vikariera som sjømannsprest. Ein sjømannsprest kan møta menneske i deira arbeidssituasjon i kvar dagen på ein heilt anna måte enn ein kyrkjelydsprest kan gjera det. Arbeidssituasjon er likevel nokså forskjellig. Ein sjømannsprest har langt meir tid til den enkelte enn det ein kyrkjelydsprest kan ha høve til. På et skip kunne det vera berre 3-4 nordmenn ombord. Dei ga uttrykk for at dei i ein slik situasjon med små fellesskap av nordmenn ombord syntes det var endå meir gledeleg å ha sjømannskyrkjene i dag enn det har vore tidlegare.

# Nye sokneråd

Det er valgt nye sokneråd i Arna og Ytre Arna for perioden 1990-1993. Under valga, som skjedde 8. og 15. oktober, vart det til Arna sokneråd valgt 10 medlemer og fem varamedlemer og til Ytre Arna sokneråd åtte medlemer og fem varamedlemer. I Arna var det 137 som røysta ved soknerådsvalet. Det er ein valdeltaking på 2,07 prosent

av dei som har røysterett i kyrkjelyden.

Av dei 10 medlemene i soknerådet vart det valgt fire kvinner, som gjev ein kvinneprosent i soknerådet på 40. I Ytre Arna var det 61 som røysta, og det er en valdeltaking på 3,05 prosent. Seks av dei åtte medlemeine er kvinner, og det gjev ein kvinne-del på 75 prosent.

## Arna sokneråd 1990-93

### Valgresultat:

1. Bjarne Fjelltvit
2. Audun Stølås
3. Oddmund Bildøy
4. Marianne Fjelltvit
5. Jan Marius Olsen
6. Inger Kippersund
7. Svein Mjelde
8. Trine Romslo Moe
9. Ingvard Hageberg
10. Berit Ljones

### Varamedlemer:

1. Ellen Ødegaard
2. Audny Nesse
3. Sverre Myklebust
4. Lars Gunnar Hartveit
5. Jens K. Hauge

## Ytre Arna sokneråd 1990-93

### Valgresultat:

1. Tor Oddvar Holmefjord
2. Martin Skjelbreid
3. Reidun Leknesund
4. Birgit Askeland
5. Gudny Hunshamar Skorpen
6. Alise Bjørnestad
7. Benthe Birkeland
8. Berit Skreien

### Varamedlemer:

1. Gunnbjørg Larsen
2. Liv Lønøy Skulstad
3. Svein Harald Molvik
4. Jon Steinset
5. Ingrid Olsen

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertilf.

24 25 95

**a.s.Sarepta**  
5260 Indre Arna




Havet består  
av dråper...

Postgiro 5 20 09 02  
Bankgiro 6029.63.25050

**KIRKENES NØDHJELP**

Underhaugsv. 15, 0354 Oslo 3

# Keryx ungdomskor



Keryx (tidlegare Arna Ten Sing) er eit ungdomskor for ungdommar frå 7. klasse og oppover. Vi har korving kvar torsdag klokka 18.45 i Arna Kyrkje. Det er eit svært fint sosialt miljø i koret og ein treng ikkje vera spesielt interessert i eller flink til å synga for å vera med. Om lørdagane klokka 14.45 er det «Trimmen» i gymsalen på Garnes Ungdomsskule og om fredagane klokka 18.00 er det Volleyballtrening på Arna Gymnas. Her kan alle vera med å spela, trimma og ha det moro uansett fysiske ferdighetar. Av og til om lørdagane er det «Ungdoms-treffeni» i Arna Bedehus som Keryx arrangerer i lag med ungdomsnemnda i bedehuset. Dessutan reiser vi på

Tur/Week-end ein gong i semesteret. Keryx lagar også til bibelgrupper der dei som har lyst kan vera med.

Helga 29. september til 1. oktober var det øvingshelg for Keryx. Vi heldt til i Arna Kyrkje og i Ljoshall (lokalet til fråhaldslaget). Programmet besto i korving, trim og sosialt samvær. Lørdag kveld var koret i Betania og song på ein ungdomskveld. Harald Sundsbø var der og og heldt andakt. Synginga gjekk det så som så med, men det var moro.

Øvingshelga fekk ein skikkeleg avslutting søndag formiddag med frukost i Ljoshall og deretter kyrkjegang.

man med andre i Ytre Arna, kan venta ei testamentarisk gave på ein del av denne summen. Det vil likevel på langt nær dekka alt. I samband med jubileet vil soknerådet difor be om ei gave til denne reparasjonen slik at ein kan unngå å verta sitjande med mykje lån på huset. Jubileumsdagen vert det offer til kyrkja, og med dette bladet til alle i Ytre Arna, ligg det ein postgiroblankett som ein kan bruka. Adressa er: Ytre Arna sokneråd, postboks 111, 5265 Ytre Arna, postgiro 5935499.

## Jubileumsgåve til Kyrkjelydshuset

Ytre Arna sokneråd har dette året sett i verk storreparasjon på Kyrkjelydshuset. Taket er lagt om, og det er innreia lokale som Avdeling pleie og omsorg leigar i 2. etasje.

Utlegra til alt dette har kome opp i rundt 300.000 kroner utanom dugnad, og det er langt meir enn ein har midlar til. No kjenner nok mange til at Kyrkjelydshuset, sa-

## 6 rette svar om Ytre Arna kyrkje?

Kan du noko om Ytre Arna kyrkje og den historia som er knytt til kyrkja? Då kan du vera med på ei spørrekonkurranse. Om du ikkje kan så svært mykje kan du sjølv sagt tippa. Du kan og lesa artikkelen om kyrkja og 90-årsjubileet på dei neste sidene. Der vil du finna svar på nokre av spørsmåla. Men for at du skal vera heilt sikker på å finna dei rette svara bør du kjøpa jubileumsboka som Ytre Arna sokneråd utgjev i høve jubileet for Ytre Arna kyrkje. Kryss av på kupongen og send svaret ditt til: Kyrkjelyds-blad for Arna, Boks 11, 260 Indre Arna, innan 17. november 1989 så vert du med i trekninga om fine bokpremier.

1	X	2

- 1) Kven var sokneprest i Haus då Ytre Arna kyrkje vart vigsla?  
1) Wilhelm Magnus Landstad X) Ingvar Fykse 2) Andreas Aarflot
- 2) Kven var den første belgetrørar i Ytre Arna kyrkje?  
1) Siri Brunvoll X) Nils Boge 2) Svein Mjelde
- 3) Kva heite fabrikkeigaren som kom med tilhod om å bygga kyrkja utan kostnad for kommunen?  
1) Jurg Jebsen X) Jens Takvam 2) Peder Jebsen
- 4) Ein kapellan i Ytre Arna var kjent for sitt vennskap til Island og fekk send hundrevis av gjerdestaur til sagafolket. Kva heite han?  
1) Kjell Nese X) Harald Hope 2) Per Lønning
- 5) Olav Hagesæther var res. kap i Arna frå 1939 til 1945. I 1968 vart han utnevnt til eit anna embete. Kva embete var det?  
1) Biskop i Stavanger X) Domprost i Bjørgvin 2) Fylkeskogmeister i Hedmark
- 6) Arne Fabrikker overrekte Ytre Arna kyrkje som gavé til Arna soknestyre. Når skjedde det?  
1) 1936 X) 1949 2) 1899

-----  
Navn .....

Adresse .....

# 90-årsjubileum for Ytre Arna kyrkje

I år er det 90 år sidan Ytre Arna kyrkje vart vigsla. Jubileet vert markert helgemesesdag, 5. november, same dato som kyrkja vart vigsla i 1899. Klokka 11 vert det jubileumsgudsteneste der prost Kaare Nødtvedt og res. kap. Harald Sundsbø tek del saman med Ytre Arna kyrkjekor. Etter gudstenesta vert det lunsj på grendahuset Sentrum der alle er velkomne.


Alle dei tidlegare tilsette i kyrkjelyden er og mellom dei som er invitert både til lunsjen og det andre som skjer på jubileums-søndagen.

Klokka 19 vert det konsert i kyrkja med Ytre Arna ungdomskor, Ytre Arna kyrkjekor, Arne Musikkforening, songaren Arne Kvalsund og trumpetisten Erik Nævdal.

## Jubileumsskrift

Til 90-årsjubileet har Arnold Nævdal laga eit jubileumsskrift som på ei framifrå måte fortel historia til Ytre Arna kyrkje. Her er mykje interessant stoff om det som skjedde frå industristaden Ytre Arna vart reist av dei tre danske brørne Jebsen frå slutten av 1840-åra, til tanken om ei eiga kyrkje i Ytre Arna vart levande frå 1860-åra og ikkje minst motstanden i Indre Arna mot kyrkjeplanane i Ytre Arna.

Fram til 1865 høyde Ytre Arna til Haus kyrkje. Det vart mange tunge tak og utan fare var det heller ikkje når folk i Ytre Arna skulle ro over Sørfjorden i all slags ver for å koma til kyrkja på Osterøy. Trass i svært lange arbeidsdagar, frå 5 om morgo-



Forfattaren av jubileumsskriftet Arnold Nævdal (t.h.) saman med res. kap. Harald Sundsbø og soknerådsformann Nils Kåre Olsen.

nen til 8 om kvelden trå mandag til laurdag, tok folk seg til kyrkje om søndagen.

6. desember 1865 vart stoda betre også for folket i Ytre Arna då Arna kyrkje vart vigsla. Ein slapp å ta seg over fjorden for å koma til Guds hus.

Folket i Ytre Arna hadde faste benker i Arna kyrkje. Den yngste av Jebsen-brørne, Jurg Jebsen, sende hausten 1895 eit brev til Haus heradsstyre der han kom med tilbod om å reise ei kyrkje i nærleiken av fabrikkområdet i Ytre Arna utan kostnad for kommunen. Vilkåret var at Arna sokn måtte avstå gudstenesta annankvar søndag slik at det då kunne verta halden gudstenede i kyrkja i Ytre Arna. Arna soknestyre såg ikkje på dette tilbodet med større velvilje. Det vart beint fram krangelen i Haus heradsstyre og saka vart utsett. Til slutt greip prosten i Osterøy, Wilhelm Magnus Landstad, son til den kjende salmediktaren og salmeverideraren, inn slik at heradsstyret omsider fekk takka ja til tilbodet om kyrkjebygg i Ytre Arna. 5. november 1899 kunne kyrkja vigslast.


Arne Fabrikker stod for kostnadene til vedlikehald og oppvarming av kyrkja fram til 1936. Då kunne Arna soknestyre - mot 1 røyst - ta imot kyrkja som gavé frå fabrikken.

## Axel Revold

Til 50-årsjubileet i 1949 vart det gjennomført ein storre utbedring av kyrkja. Den kjende kunstmålar og professor, Axel Revold, fekk i oppdrag å måla ny altertavle til kyrkja. Både han sjølv og andre var mykje nøgd med resultatet.

Ytre Arna vart utskild som eige sokn i 1953. I jubileumsskriftet vert også dei ulike prestane som har gjort teneste i Ytre Arna presentert. Det same gjeld organistane og belgrøarane. Dei mange aktivitetane i kyrkjelyden vert også presentert. Jubileumsskriftet inneholder ei rekke bilete av stor lokalhistorisk verdi. Ytre Arna sokneråd er utgiver av skriftet, som både utgjevaren og ikkje minst forfatteren skal ha all mulig ære av. Dei mange innskotne kuriosa gjer skriftet svært lesarvennleg og viser at det går an å fortelja kyrkjesoge på ei interessant og underhaldande måte. Vi får mellom anna høre om ein hjelpeprest frå Bergen som ei stutt tid gjorde teneste i Ytre Arna. Han vakte stor oppsikt då han ein laurdagskveld dukka opp på dansetilstelningen i «Samhold». «Dere dansar og morer dere. Ja, ja, men husk at vi møtes i kirken i morgen», skal han ha sagt ved det høvet.

## Altarbilete på kort



I samband med 90-års jubileet for Ytre Arna kyrkje har soknerådet fått laga eit fint kort av altarbiletet i kyrkja. Det er måla av Axel Revold i 1949 og vert selt som dobbeltkort i konvolutt for kr. 10 pr stk.

Kortet er trykt i fargar.

## Sal av festskriftet

Soknerådet vil organisera salet slik at personar, vil gå rundt på husa i Ytre Arna og tilby alle å kjøpa boka. Det vert gjort før jubileet. Ved arrangement i kyrkja og på kyrkjekontoret kan ein sjølvsgå få kjøpt jubileumsskriftet, og ved å betala porto kan ein også få det sendt i posten. Ein kan tinga det ved å ringja kyrkjekontoret 24 85 46 eller skrive til Ytre Arna Sokneråd, Postboks 111, 5265 Ytre Arna.

Kyrkjene i Haus og Arna er og omtala, så boka vil nok ha interesse utanom Ytre Arna. På kyrkjekontoret i Borgstova vil boka og vera utlagt til sal. Prisen er sterkt subsidiert og er på berre 50 kr.

# Solidaritet med Namibia



den siste kolonien sin, og dei rundt femti tusen flyktningane — som hovudsakleg bur i Zambia og Angola — må få venda heim i tryggleik.

Det Namibiske Kyrkjerådet, CCN, spelar ein sentral rolle i repatrieringa. Kyrkja har ei folkeleg oppslutning på over 90% og har dermed både autoritet og tillit. Det er difor naturleg at FN har bede CCN om å ta på seg ansvaret for at flyktningane kjem seg trygt heim og at det blir mogeleg for dei å leve i fred og fridom.

Det er ei stor og krevjande oppgåve kyrkja har teke på seg. Kirkens Nødhjelp har samarbeidd med CCN i ei årrekje og kjemmer difor ei spesiell forpliktning til å støtte CCN i denne vonfulle, men vanskelege tida.

## Kristeleg studentlag godkjent i Polen

For første gong har styresmaktene i eit aust-europeisk land godkjent ein evangelisk studentorganisasjon. Den polske greina av den internasjonale lagsrørla i IFES har nå fått løyve til å arbeida på universita i Polen. Til nå er det i gang bibelgrupper på 20 universitet. Leiaren for lagsrørla seier at målet er å invitera til å bli med i bibelgruppearbeidet (KPK).

Dersom alt går etter planen, blir det halde frie val i Namibia i november i år. Det tyder at FN sin fredsplan for Namibia er gjennomført og at Afrika sin siste koloni hører historia til. Men før Namibia kan heise fridomsfana, er det mange hindringar som må ryddast av vegen. Sør-Afrika må — om enn motvillig — løyse grepet om den

## GOSPEL NIGHT

I

ARNA KIRKE

lørdag 21. okt. 1989 kl. 19.30.

**KERYX** (Arna Ten Sing)

m/orkester + solister!

Hans Inge Fagervik vert med.

Dessuten mye allsang.

VELKOMMEN!

Arr.: KERYX

## Ny song av Freddy

— Aller mest gler eg meg når «mitt gamle publikum» kjem til konsertane. Dersom kyrkjelyden arrangerer saman med trekkspelklubben på staden, er det ekstra hyggelag, då kan gjerne halvparten av dei frammøtte vera folk som vanlegvis ikkje går i kyrkja.

Det er Freddy Kristoffersen som seier dette. Han er ikkje gløymd, — mannen som var den første singel-artist som selde meir enn 100 000 plater her i landet. Han konkurrerte med bestseljarane i popverda. Sølv, gull, diamant og platina er det blitt på han. Samla sal er minst 350 000 plater.

Framleis dreg Freddy på turne. Og han har framleis kontakt med sitt gamle publikum. Dei vil gjerne høyra den populære Freddy, han som no syng ein ny song og jublar i hjarta.

Den nye songen fekk Freddy då han vart ein kristen. Det skjedde langsamt for bønebarnet Freddy. — Eg byrja å lesa i Bibelen. Då eg kom til Det nye testamente, møtte eg Jesus, seier han.

«En jublende sang» heiter ein kassett som kom for nokre år sidan. Dessutan har han gjeve ut ein talekassett: «Herre, du gav meg den sangen», medan siste skot på

song-treet er ein LP/kassett-produksjon med tekstar og melodiar spesialskrivne av Eyvind Skeie og Sigvald Tveit. «Kom ta min hånd» er tittelen.

— Helst vil eg fortelja om fridomen og glede. Kristendom er jo liv, sjølvet livet, seier Freddy Kristoffersen. (KPK)

## Trygve Bjerkrheim med 12000 salmar, songar og dikt

Trygve Bjerkrheim, som nyleg runda 85 år, kan sjå attende på ein omfatande produksjon. Omlag 12 000 salmer, songar, dikt og kvad har han skrive — når det har banka på, som han uttrykkjer det. Mest kjent er han for «Han tek ikkje glansen av livet» og «Det er makt i de foldede hender». Etter 25 år med Ønskjakonserten synte det seg at det var sistnemnde song som oftast var sungen.

Framleis er denne songen ein gjengangar i NRK. At Bjerkrheims songar harhatt mykje å seie både for unge og eldre, er det svært mange vitnemål om (NPK).

## Tannlege MNTF LINE BORJA

tar imot pasienter i det  
nye Kyrkjelydshuset  
ved Indre Arna kirke.

Tlf. 24 02 46  
mellan 8-15.30.

Kveldstid og lørdager  
etter avtale.

## KIRKEN SOS 10 ÅR ÅPENT SEMINAR

Lørdag 18. nov. kl. 09.30-14.00.  
Sted: NLA

Journalist Lise Vislie Jor:  
«Hva kan Kirkens SOS fortelle om  
det samfunn vi lever i?»

Prest Liv Rosmer Fisknes:  
«Mennesker i randsonen»  
«Finnes det tigre i Kongo?»  
Et skuespill om aids.

Meld deg på: tlf. 23 45 12  
Entré kr. 50,-.

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

### Arna sokn:

- 09.07: Camilla Henanger. Døypt i Fredrikshavn, Danmark.  
 23.07: Helle Damsgård Andersen. Døypt i Flosta kirke.  
 30.07: Martine Eikefet Børeng. Døypt i Fyllingsdalen kirke.  
 06.08: Øystein Endresen, Andreas Sørås.  
 10.08: Ingrid Soltvedt. Døypt i Gjerstad kyrkje.  
 20.08: Rune Gunnarskog, Andre Magnussen, René Michael Hoff, Kjell-Frode Hansen, Thomas Chruickshank Vatle, Janne Skjerlie Daae.  
 20.08: Thor-Einar Heggernes. Døypt i Ytre Arna kirke.  
 03.09: Ørjan Tveit, Jørn Leiren, Joakim Bjørndal Almberg, Christopher Mæland Kvalvåg, Anne-Lene Sverri.  
 10.09: Marie Herfindal Hammersland, Thomas André Nybø, Espen Gau-pås.  
 24.09: Mailiss Solheim, Janne Mæstad, Bente Irene Borge, Maria Mjeldstad Eriksen.  
 01.10: Michael Gulbrandsen Bøthun, Martin Drangevåg, Øyvind Johannesssen, Jan-Erik Lothe Eide, Cassandra Jacobsen Haugland.

### Ytre Arna sokn:

- 10.09: Raymond Hjortland Svardal, Daniel Aadnevik.  
 17.09: Annette Haugsdal

## Vigde

### Arna sokn:

- 29.07: Per Sveinung Aldal og Solveig Hisdal. Vigde i Årland kirke.  
 29.07: Jarle Inntveit og Britt Karin Hammar. Vigde i Kvinnherad kyrkje.



- 05.08: Øivind Fladeby og Sheila Margaret McDonald.  
 10.08: Robin Soltvedt og Johanne Rongved.  
 26.08: Kjell Ove Solberg og Orit Elbilie.  
 26.08: Dag-Erik Svalland og Hanne Kristin Olsen.  
 02.09: Magne Rivenes og Lin Birgitte Torsvik.  
 09.09: Jarle Morten Hjortland og Eli Merethe Knudsen.  
 30.09: Frank Roger Mostuen og Kjersti Haukeland.  
 30.09: Jan Otto Hammersland og Elin Vatle.

### Ytre Arna sokn:

- 01.07: Andreas Vold og Gro Aileen Olsen, vigde i Arna kyrkje.  
 16.09: Anders Romslo og Eva Svardal.

## † Døde

### Arna sokn:

- 20.07: Magny K. Unneland f. 1909  
 24.07: Johannes Hauge f. 1904  
 02.08: Anna Karolina Kvam f. 1915  
 09.08: Erling Hovland f. 1920  
 13.08: Sylvi Bratholmen f. 1934  
 13.08: Nottung Bratholmen f. 1931  
 13.08: Margit Marøy f. 1911  
 17.08: Knut Magnus Mæle f. 1900  
 18.08: Margit Istad f. 1924  
 23.08: Alf Kåre Hunhammer f. 1924  
 29.08: Steinar Daltveit f. 1958  
 05.09: Andreas Romslo f. 1901  
 17.09: Harald Kvamme f. 1901  
 19.09: Ragnhild Hitland f. 1894  
 19.09: Solaug Myhre Rosvold f. 1942  
 22.09: Martin Vågenes f. 1924  
 24.09: Jacob Bjørsvik f. 1911  
 24.09: Håkon Tunnes f. 1905

### Ytre Arna sokn:

- 12.08: Selma Ragnhild Olsen f. 1896

## Norsk misjon med storprosjekt

Bunda Hospital i Tanzania skal stå ferdig sommaren 1990, lovar Poul Berthelsen i kosnulfirmaet Msaada. Selskapet er engasjert av Norsk Lutherisk Misjons-samband til å følgje opp sjukehusprosjek-tet. Sjukehuset er kostnadsrekna til 23 mil-lionar kroner, og er dermed det største einskildprosjekt i norsk misjon. Norad fi-nansierer 80 prosent av kostnadene.

## Umistelegr for kyrkja

Norsk Søndagsskoleforbund, som fyl-ler 100 år i år, har laga ein allsidig materi-ellkatalog med 500 varetypar. Under jubi-leet i Trondheim i sommar uttalte biskop Kyrré Bremer fylgjande: Søndagsskolen er umistelegr for kyrkja.

## Kyrkjesskyss Haukeland/ Espeland til Arna kyrkje

22.10:	Berit Haugsvær	24 08 15
29.10:	Sverre Myklebust	24 29 05
05.11:	Ingrid Hope	24 08 08
12.11:	Harald Røsland	24 08 70
19.11:	Magne Mestad	24 00 14
26.11:	Berit Haugsvær	
03.12:	Sverre Myklebust	
10.12:	Ingrid Hope	
17.12:	Nils Minde	24 01 54

## ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.  
 Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.  
 Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39: Tlf. 24 85 46.  
 Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.  
 Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.



## KIRKEN SOS

Senter for samtale og sjelesorg over telefon, søker kristne frivillige medarbeidere over 22 år. Søkere må være lojale mot Den Norske Kirkes bekjennelse.

Interesserte er velkomne til å henvende seg over telefon 23 45 12 eller 23 30 80 mellom kl. 11.00-14.00 for nærmere opplysning.

Ta kontakt med oss snarest.

## Speiderne med jubileumsrevy

1. Indre Arna speidergruppe vart star-ta i 1959 og kan dermed feira sitt 30-årsju-bileum i år. Det vert gjort med ein jubile-umsrevy som er kalla «Ett - to - tre», som vert vist i Ljoshall lørdag 25. november kl. 19 og søndag 26. november kl. 18.

## Ofringar

### Arna sokn:

- 30.07: Kyrkjelydsarbeidet ..... kr. 1703,-  
 06.08: Den norske Muhammedanermisjon ... kr. 1424,-  
 13.08: Santalmisjonen ..... kr. 8015,-  
 20.08: Kyrkjelydshuset ..... kr. 1716,-  
 27.08: Folkebevegelsen for livs-rett og menneskeverd ..... kr. 1381,-  
 03.09: Kyrkjelydsarbeidet ..... kr. 2375,-  
 10.09: Kyrkjelydsarbeidet ..... kr. 2417,-  
 17.09: Det norske misjons-selskap ..... kr. 4720,-  
 24.09: Bergen Søndags-skolekrins ..... kr. 4182,-  
 01.10: Kyrkjelydshuset ..... kr. 6171,-  
 Ytre Arna sokn:  
 03.09: Den norske Israelsmisjon. kr. 714,-  
 10.09: Kyrkjelydsarbeidet ..... kr. 1600,-  
 17.09: Det norske misjons-selskap ..... kr. 975,-  
 24.09: Bergen søndagsskulekrins kr. 2180,-

# MØTER

## Betania, Lone

- 26.10: Basar v/NMS  
 28.10: Ungdomskveld v/BUF  
 29.10: Møte v/BUF  
 31.10-  
 05.11: Møteveke v/Misjonssambandet  
 11.11: Lurdagssamling kl. 16.00  
     Santalmisjonskveld kl. 19.30  
 12.11: Familiemøte kl. 16.30  
     v/Santalmisjonen og BUF  
 16.11: Nattverdmøte  
 19.11: Møte v/Indremisjonen.  
     Innsamlingsdag for Betania.  
 21.11-  
 26.11: Møteveke v/Y-ungdom.  
 30.11: Møte v/NLM

## Arna bedehus

- 22.10: Familietreff  
 24.-  
 29.10: Møteveke v/Misjonssambandet  
 02.11: Nattverdmøte kl. 19.30  
 03.11: Fredagssamling jk, kl. 18.00  
 04.11: Ungdomskveld  
 05.11: Basar v/Den norske  
     sjømannsmisjon  
 09.11: Eldretreff kl. 17.00  
 16.11: Bøne/vitnemøte  
 17.11: Fredagssamling kl. 18.00  
 18.11: Ungdomskveld  
 19.11: Misjonssambandets kretsror  
     kl. 17.00

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.  
**Redaksjonsnemnd:** Audun Stølås, Sylvi Sæle, Ragnhild Rein, Hilde Rohde,  
 Harald Sundsø, Laila Ueland, Ingvald Straume.  
**Forretningsførar:** Bjørg Hellesøy.  
**Bladpengar:** Kr. 30,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.  
 Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856  
 Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna.

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

### Kåre Bj. Hope

*Står til teneste med alt ved dødsfall.*  
 Kransebinderi, sløyfetrykkeri.  
 Annonser, sanger, båretransport.  
**TLF. 24 08 08**



- 21.-  
 26.11: Møteveke v/Indremisjonen.  
     Talar Audun Hjellvik  
 30.11: Bøne/vitnemøte  
 02.12: Ungdomskveld  
 03.12: Adventssamling kl. 17.00  
 07.12: Eldretreff kl. 17.00  
 08.12: KRF-kvinner  
**Ytre Arna bedehus**  
 22.10: Medlemsmøte  
 26.10: Israelskveld  
 11.11: Bedehusbasar  
 19.11: Nattverdmøte  
 26.11: Gnisten-Kveld.  
     Tale v/Audun Myksvoll  
 05.-  
 07.12: Møter v/Den indre  
     sjømannsmisjon

**Haugland bedehus**

- 24.10: Samtalemøte kl. 19.00  
 29.10: Familiemøte v/Søndagsskulen  
     kl. 11.00  
     Markering av 100-års jubileet til  
     søndagsskulen.  
     Kretssekr. Nils Arne Lavik.  
 31.10-  
 05.11: Møteveke v/Indremisjonen.  
     Talar Anne Marie Hevrøy.  
 07.11: Møte kl. 19.00.  
 12.11: Familiemøte v/Muhammedanermisjonen kl. 18.00.  
     Familien Knapskog talar og syng.  
 21.11: Samtalemøte kl. 19.00  
 05.11: Møte

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

*Alltid til tjeneste*

## FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk,  
 der alle kundar, store og små,  
 er hjarteleg velkomne.

**FOKUS BANK**  
 avd. Arna

**I MIN FORRETNING**  
 finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

*Kleiveland*

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.  
 Pynting av kirke,  
 konsert- og forsamlingslokaler.

## Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09  
 ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

## SPAREBANKEN VEST

AVDELING ARNA

– til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV – Elektrisk – Belysning.

Hugs at vi har lavaste pris,  
 og det De kjøper her  
 kan De få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Arnatveit – telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største  
 kjede av elektriske forretninger  
**EL-KJØP**

## DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

**Vi har hengere for  
 Bil – Båt og  
 varetransport**



## ARNATVEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen  
 ved J.B. Myklestad.

# *Velkommen til kyrkje*

- Okt. 22. 23. s.e. pinse. Matt. 18, 21-35  
Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. res.kap. Sundsbø. Aspirantkoret. Takkoffer til Kirkens sosialtjeneste.  
Ytre Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. Vikarprest Haugland. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Takkoffer til barnekoret.  
Trengereid kl. 11. Innvandrarprest Stig Magne Heitmann. Nattverd. Takkoffer til Norsk Lærarakademi.
- Okt. 29 Bots- og bededag. Matt. 3, 7-12  
Arna kl. 11. Vikarprest Haugland. Takkoffer til kristenfolkets Edruskapsråd. Søndagsskule.
- Nov. 05 Helgemessesøndag Matt. 5, 1-12.  
Arna kl. 11. Vikarprest Haugland. Arna kyrkjekor. Nattverd  
Takkoffer til kyrkjelydshuset. Søndagsskule.  
Ytre Arna kl. 11. JUBILEUMSGUDSTENESTE. Prost Kåre Nødtvedt og res.kap. Sundsbø. Ytre Arna kyrkjekor. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Lunch på Sentrum.  
Ytre Arna kl. 19. KONSERT.  
Takvam kl. 16.30. Res.kap. Sundsbø. Haus kyrkjekor.
- Nov. 12 26. s.e. pinse. Luk. 17, 20-30.  
Arna kl. 11. Innvandrarprest Stig Magne Heitmann. Barnekantori-  
et. Takkoffer til kristent Innvandrars arbeid. Søndagsskule. Kyrke-  
kaffi.  
Arna kl. 19. LOVSONGKVELD.  
Ytre Arna kl. 11. Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Hvite Bånd.  
Siste søndag i kyrkjeåret. Matt. 25, 31-46.
- Nov. 26. Arna kl. 11. Vikarprest Haugland. Nattverd. Takkoffer til Bjørgvin  
Bispedømmeråd. Sundagsskule.  
Trengereid kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste.
- Des. 03 1. s.i advent. Salme 24  
Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. Vikarprest Haugland. 1.  
klassingane spesielt inviterte. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Arna kl. 19. Lysmesse. Vikarprest Haugland. Takkoffer til barne-  
og Ungdomsarbeidet i Arna.  
Ytre Arna kl. 11. FAMILIEGUDSTENESTE. Res.kap. Sundsbø.  
Ytre Arna barne- og ungdomskor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Kyrkjekaffi.
- Des. 10 2. s. i advent. Luk. 12, 35-40.  
Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. takkoffer til Kristen  
Idrettskontakt.  
Arna kl. 19. JULEORATORIUM. Haukeland Songlag, Prosje-  
koret, Collegium Musicum m.fl.  
Unneland kl. 16.30. LYSMESSE.  
Ytre Arna kl. 11. Vikarprest Haugland. Nattverd. Takkoffer til Kir-  
kens Sosialtjeneste.  
Ytre Arna kl. 19. Lysmesse. res.kap. Sundsbø.